

Samarbeidsavtale mellom Voss kommune og Voss idrettsråd

Bakgrunn og hensikt

Idretten og det offentlege har felles verdiar og mål for utvikling av fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne avtalen har som formål å regulera samarbeidet mellom kommunen og idrettsrådet.

Voss idrettsråd sin formelle status i høve til Voss kommune

1. Voss idrettsråd er eit samordningsorgan for idretten i Voss kommune, vald av idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er eit organ for den frivillige idrettsrørsla knytt til Norges idrettsforbund og Olympiske komité gjennom Hordaland Idrettskrets.
2. Idrettsrådet er sjølvstendig, og er kommunen sin høringsinstans og viktigaste rådgjevar i saker som rører ved idretten i kommunen. Idrettsrådet skal ivareta heilskapen i den organiserte idretten på Voss, og hjelpe kommunen med å ta slutningar til det beste for all idrett i kommunen.
3. Idrettsrådet kan engasjera seg i haldningsskapande og førebyggjande arbeid, og vera ein pådrivar innan all form for fysisk aktivitet.

Samarbeidet

Generelt

Eit hovudprinsipp i samarbeidet er at saker som idrettslaga ynskjer fremja for kommunen og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast gjennom idrettsrådet. I dette ligg at kommunen ikkje føretek/avsluttar si sakshandsaming utan idrettsrådet si høring eller anna direkte medverknad. Dette er spesielt viktig i saker som har eller kan tenkjast å få konsekvensar for andre lag. Samhandling kring tildeling av spelemedilar skal tilleggjast stor vekt. Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at idrettsrådet og kommunen kan avtala at ei sak skal handsamast direkte mellom idrettslag og kommunen.

Årlege rutinar

1. Det vert arrangert halvårlege kontaktmøter mellom politisk og administrativ leiing i Voss kommune og styret i Voss idrettsråd.
2. Det vert arrangert årlege dialogmøter mellom kommunen og idrettslivet.
3. Voss kommune vert invitert til å delta på idrettsrådet sine møter, og ein representant deltek på minimum 2 møter i løpet av året.
4. Møter mellom Idrettsrådet og sakshandsamar i Voss kommune vert halde om lag 6 gonger årleg.

5. Voss kommune tek ansvar for å kalla inn og skriva referat frå fellesmøter.

Endringar

Voss kommune og Voss idrottsråd kan etter samråd endra samarbeidsrutinane når det viser seg naudsynt.

Voss, den 01.03.2012



For Voss kommune

Ordførar



For Voss idrottsråd

Leiar